

Læreplassgaranti

Læreplassgaranti

MÅL

- Gjera skuleungdom målmedvitne i val av utdanning og karriereveg.
- Behalda ungdommen – vår viktigaste ressurs – i regionen.
- Sikra rekrutteringa til skulane, verksemdene og kommunane i Nordhordland.
- Profilera regionen med eit heilskapleg system for utdanning og arbeid.
- Setja Nordhordland på kartet.

Læreplassgaranti FOR KVEN?

For alle elever som tar 2.
året på yrkesfag ved
Knarvik vidaregåande skule
og Austrheim vidaregåande
skule.



Læreplassgaranti FØRESETNADER



Elevane, ungdomsskulane, dei vidaregåande skulane, Opplæringsavdelinga HFK, Næringslaget, Opplæringkontoret, bedriftene, kommunane

må ALLE bidra for at ordninga med læreplassgaranti skal kunna fungera:

Læreplassgaranti

FØRESETNADER som ELEVEN må oppfylle



- **GOD i Orden og Åtferd.**
- **Lågt fråvær.**
- **Bestått i alle fag.**

Læreplassgaranti

FØRESETNADER som **UNGDOMSSKULANE** må oppfylle



- Samordna organiseringa av faget *Utdanningsval*.
- Setja av tid og ressursar til hospitering i vidaregåande skular.
- Setja av tid til utplassering i relevante bedrifter.
- Organisera hospiteringa/utplasseringa av elevane i samarbeid med bedriftene.

Læreplassgaranti

FØRESETNADER som DEI VIDAREGÅANDE SKULANE må oppfylla



- Samordna organiseringa av faget *YFF*.
- Setja av tid til utplassering i relevante bedrifter.
- Organisera utplasseringa av elevane i samarbeid med bedriftene.
- Hjelpa til med å skaffa læreplassar i bedrifter i OG utanfor regionen.

Læreplassgaranti

**FØRESETNADER som Opplæringsavdelinga
HFK må oppfylle**



**HORDALAND
FYLKESKOMMUNE**

**Dimensjonera det
vidaregåande
opplæringstilbodet i
regionen slik at det er i
rimeleg samsvar med
tilgangen på læreplassar.**

Læreplassgaranti

**FØRESETNADER som Nordhordland Næringslag
må oppfylle**



- **Bistå skulane og bedriftene/kommunane med utplasseringa av elevar.**
- **Koordinera utplasseringa i samarbeid med skulane og bedriftene/ kommunane.**
- **Hjelpa til med å skaffa læreplassar.**

Læreplassgaranti

**FØRESETNADER som OPPLÆRINGSKONTORET
FOR NORDHORDLAND må oppfylla**



- **Oppfølging av lærlingar.**
- **Oppfølging av bedrifter.**
- **Skaffa læreplassar.**
- **Hjelpe til med å skaffa utplasseringsplassar for elevar.**

Læreplassgaranti

FØRESETNADER som bedriftene/kommunane må oppfylle



- Organisera utplasseringa av elevane i samarbeid med skulane.
- Ta imot lærlingar.
- Gje lærlingane opplæring i samsvar med læreplanane.
- Innfri læreplassgarantien.



Læreplassgaranti, flytskjema

Nivå	Kva skjer?
Vg2	<i>YFF</i> Utplassering i bedrift Lærekontrakt kan teiknast i løpet av skuleåret - og skal teiknast ved slutten av skuleåret.
Vg1	<i>YFF</i> Utplassering i bedrift? 1. mars: Søknad og val av lærefag i Vg2. Intensjonsavtale kan teiknast.
10. klasse	<i>Utdanningsval</i> Hospitering i vidaregåande skule. (Hausten) Utplassering i bedrift 1. mars: Søknad og val av utdanningsprogram i Vg1
9. klasse	<i>Utdanningsval</i> Hospitering i vidaregåande skule. (Våren)

Læreplassgaranti

Gjennomføring etter 2 + 2 modellen

Elevane søker seg inn frå ungdomsskule til yrkesfaglege utdanningsprogram på Austrheim vgs. eller Knarvik vgs. på vanleg måte innan 1. mars.

Elevane gjennomfører det yrkesfaglege utdanningsløpet på 2 år i skule – inkl. utplassering i bedrift/institusjon.

Intensjonsavtale om lærekontrakt kan teiknast når som helst i skuleløpet.

Lærekontrakt KAN teiknast når som helst i Vg2, og SKAL teiknast innan utgangen av Vg2 for elevar som oppfyller føresetnadene.

Læreplassgaranti

Kva med dei elevane som ikkje oppfyller krava?

Dei kan begynna på Vg2 utan læreplassgaranti og kan kvalifisera seg til læreplass i løpet av skuleåret.

Dei kan velja 1 + 3-modellen

Dei kan velja 0 + 4-modellen

- alt som no!